

Førde IL Langrenn - årsrapport 2016



Samling med landslagstrenar:

Landslagstrenar i skiskyting, Steinar Mundal med inspirasjonssamling for Førde IL langrenn i september 2016. Her frå økt med yngre utøvarar på rulleskibana i Hafstadparken, i tillegg var det økt for eldste gruppe og felles samling i klubblokala avslutningsvis.

Styret fram til 08.03.16:

Arne Helgheim
Bjørn Kristian Sunde
Asgeir Tveit
Silje A. Solheim
Magne K. Berg
Gry Alnes
Ørjan Igelkjønn

leiar
nestleiar og marknadsansvarleg
økonomi og systemansvarleg
informasjon- og webansvarleg
dugnadsansvarleg
arrangementsansvarleg
miljøansvarleg

Styret, frå 08.03.16:

Arne Helgheim
Bjørn Kristian Sunde
Asgeir Tveit
Silje A. Solheim
Magne K. Berg
Gry Alnes
Ørjan Igelkjønn

leiar
nestleiar og marknadsansvarleg
økonomi og systemansvarleg
informasjon- og webansvarleg
dugnadsansvarleg
arrangementsansvarleg
miljøansvarleg/ repr. sportsleg utvalg

Sportsleg utval:

Eivind Skaar
Kjell Bu
Torill Øye
Ørjan Igelkjønn (frå styret)

Revisor:

Jan Kåre Raae

Valnemd:

Harald Aarøen
Grethe Husevåg Strømmen

Trenarar:

Eivind Skaar
Kristin Burø
Anne Thererse Kusslid
Lars Petter Degnepoll
Bjørn Olav Espe
Ole Bjørn Otternes
Kay Lorgen
Yngve Thorsen
Øyvind Helle
Ola Sølberg
Harald Aarøen
Hallvard Brekke
Bård Ottesen
Kjell Øygard
Daniel Tormodset

Organisatorisk:

Årsmøte vart avvikla 08.03.16. Dei som var på val tok attval, slik at styresamansetnaden er uendra frå føregåande år. Styret for FIL langrenn består av sju medlemmer.

Nytt styre konstituerte seg i styremøte pr. 16.03.16. Styret har i 2016 hatt 11 møter frå januar og til utgangen av desember 2016. I tillegg kjem trenarmøter vår og haust.

Førde IL langrenn legg bak seg eit aktivt og godt driftsår. Snøen let vente på seg etter første snøfallet i desember, og til jul var det ikkje skiføre på Langeland. Etter nyttår vart det kaldare, men fortsatt snølaust, og ein storstilt snøproduksjon og dugnad med utkøyning vart iverksett av Langeland Ski og Fritidssenter for å kunne arrangere det føreståande KM i langrenn i midten av januar. Ein fekk gjennomført KM ved å bruke 2 km løypa beståande av kunstsno - iblanda nysnø som kom 15. januar. Deretter hadde ein snøforhold på Langeland fram til starten av april månad.

I tillegg til seks karusellrenn har ein gjennomført Ribberenn (i Hodlekve, Sogndal) tre KM arrangement og Kalsetrennet på Langeland – totalt 11 arrangement i løpet av knappe fire månadar.

Heimesida og facebook sida blir aktivt nytta som informasjonskanal. Heimesida er ny av året, og den førre nettstaden er avvikla. Førde IL langrenn framstår no med ei meir tidsriktig og brukarvenleg heimeside. Facebook-gruppa for Førde IL langrenn er mykje brukt. Den forenkla kommunikasjonen i mange tilfelle, som til dømes for løpande aktivitet om treningar. Informasjon om Førde IL langrenn og Langeland Skisenter framstår som interessant både for våre medlemmar og andre som er glad i langrenn og skiaktivitet.

Styret arbeider etter eit prinsipp der kvart enkelt styremedlem er knytt opp mot ein funksjon og avgrensa ansvarsområde – oppgåvebasert arbeidsfordeling. Hensikta med dette er å kunne drifte gruppa meir effektivt, samtidig som ein søker å gjere styrearbeidet meir interessant og oversiktleg gjennom meir definerte arbeidsoppgåver for det enkelte medlem. Etter kvart som aktiviteten aukar, samtidig som nye og stadig meir komplekse løysingar på ulike administrasjonssystem kjem til aktualiserer det behov for kjøp av tenester, ut over det som ordinære honorar dekkjer for styremedlemmer. Dette gjeld spesielt for økonomi og systemansvaret, og oppgåver som ajourhald av medlemsregister, Klubbadmin, påmeldingsansvarleg for Sportsadmin, idrettsregistreringa, fakturering, rekneskapsføring, med vidare – her er det gjort eiga avtale i forhold til driftsansvar og oppfølging.

Av saker og tiltak ein har gjennomført i løpet av 2016 kan det nemnast:

- Pådrivar og sentral aktør i samband med å få etablert rulleskianlegg på Langeland
- Kalsetrennet – utvida til også å gje et konkurransetilbod til årsklassar under 13 år – tilbod til yngre
- Medarrangør på Førde Opp og Helse Førde Stafetten
- Trening / inspirasjonssamling med landslagstrenar Roar Hjeltnes i juli
- Trening / inspirasjonssamling med landslagstrenar Steinar Mundal i august
- Trening / inspirasjonssamlingar med Gjørn Tefre både i august og september
- Tre ulike miljø/treningssamlingar i løpet av hausten for yngre grupper, barmark/snø
- Ny klubb/ profil-jakke – lansert på klubbkvelden i oktober månad
- Ny klubb/ profil-genser – lansert på klubbkvelden i oktober månad

Årets langrennssklubb 2016 - Førde IL langrenn!

Førde IL langrenn vart av langrennskomiteen i Norges Skiforbund kåra til årets langrennssklubb i 2016.

01.07.16 vart Førde IL Langrenn informert om at vi var kåra til årets langrennssklubb av Norges Skiforbund ved langrennskomiteen.

Å få ei slik utmerking er ei anerkjenning for det arbeidet, aktivitet, resultat og kompetanse som alle involverte har bidratt med over mange år - både sportsleg og administrativt. Bakanforliggende har det vore å skape eit godt og inkluderande langrennsmiljø, der ein legg til rette for aktivitet. Dette har resultert i auka rekruttering og over tid har dette også skapt mange lovande løparar, både på junior- og seniornivå. I så måte kan det vere på sin plass å vise til Sportsplan for Førde IL Langrenn, der følgande ordlyd framgår:

Grunnverdiar:

Miljøet skal basere seg på idretten sine grunnverdiar og det desse grunnverdiane betyr for den enkelte utøvar og laget:

Førde IL Langrenn legg vekt på grunnverdiar som glede gjennom meistring, fellesskap og helse, og ærlegdom gjennom synlege haldningar.

Målsetjing:

Førde IL Langrenn har som hovudmål å skape eit godt langrennsmiljø for alle aldersgrupper. Førde IL Langrenn sitt fokus er retta mot breiddetilbod og god tilrettelegging for rekruttering til langrennssporten, i samarbeid med Sogn og Fjordane Skikrins.

Førde IL Langrenn skal vere synleg lokalt og nasjonalt.

Som kjent er Førde IL langrenn ei dugnadsbasert gruppe, og vi er heilt avhengig av at frivillige stiller opp for å få avvikla treningar, samlingar, renn og andre arrangement. Spesiell takk til trenarane med Eivind Skaar i spissen, som stiller opp for born og ungdom, år etter år - uansett vår eller føre.

Kriteria for vurdering av årets langrennssklubb er mellom anna antall aktive utøvarar innanfor ulike aldersgrupperingar, antall aktive trenarar, registert deltaking og aktivitet, registrerte arrangement og ulike planar på administrativt nivå.

Vi vonar denne utmerkinga kan gje aktive og alle andre i og kring miljøet til Førde IL Langrenn ytterlegare stimulans, motivasjon og inspirasjon - dette er noko vi alle saman kan vere stolt over – og i fellesskap glede oss over.

Det synlege beviset i samband med kåringa av Årets langrennssklubb 2016 vart motteke på Haustmøtet til Norges Skiforbund i Oslo 22. oktober. Kopi av diplommet følgjer på neste side.



NORGES
SKIFORBUND

Diplom
er tildelt



Årets Langrennsklubb 2016

LANGRENN

Arn Skogstad
Arn Skogstad
Langrennskomiteen

Nils Kristian Nakstad
Nils Kristian Nakstad
Nestleder Langrennskomiteen

Medlemmar:

I 2016 har klubben 225 betalende medlemmar (desember 2016). Dette er ein auke på 30 frå føregåande år. Totalt er det registrert 327 medlemmar. Det har vore ei positiv utvikling i medlemsmassen over dei seinare år.

Vi vil oppmode til at **alle** som betaler treningskontingent til Førde IL langrenn også betaler medlemskap til Førde IL pr. år. Slik situasjonen er pr. no er det berre 1/3 av dei som er aktive i særgruppene som er medlemmer av Førde IL. Kontingent gjeld pr. kalenderår, to ulike satsar; born opp til og med 15 år, og ein sats for vaksne frå og med 16 år. Til og med 12 år gjeld kontingent også som idrettsforsikrings for born. Rapportering av antall medlemmer og dugnadsinnsats frå særgruppene/ idrettslaga vil på sikt utelukkande bli berekna ut frå antall medlemmer i særgruppa som har betalt kontingent og dermed årsmedlemskap i hovudlaget. Skil ein kunne oppretthalde nivå som dette gjev i økonomisk støtte til idrettslaga og særgruppene er dette såleis særdeles viktig.

SSF Cup Karusellrenn:

Det var planlagt seks karusell renn som ordinært. Karusellrenna er gjennomført etter oppsett og tradisjonelt mønster, to renn i januar, to i februar og to i mars, som også er merkerenn og lagsmeisterskap. Vanskelege forhold i første halvdel av januar førte til utsetting av dei første renna, men ein fekk avvikla seks renn. Dei manglande snøforholda tidleg i sesongen kombinert med svært tidleg påske medførte ein komprimert og smått hektisk sesong.

Klubben samarbeider med Gaular IL om gjennomføring av karusellrenna. Samarbeidet mellom klubbane er positivt for dei aktive i klubbane, og felles arrangement er hensiktsmessig all den tid ein nyttar Langeland Ski og Fritidssenter i fellesskap.



Frå startområdet på Langeland Skisenter.

SSF-Karusell / Sonerenn:

Sonerenn vart gjennomført via karusellrenn nr. 4 på Langeland i februar månad.

KM i langrenn - arrangement i regi av Førde IL langrenn:

15,16 og 17. januar vart KM i langrenn arrangert på Langeland, med fristil distanse som kveldsrenn fredag, klassisk sprint laurdag, og klassisk distanserenn søndag. Arrangementa vart avvikla på godt vis med bra deltaking.



Frå premieutdelingar på Langeland Skisenter - Førde IL langrenn praktiserer full premiering på arrangementa.

Kalsetrennet 2016

Kalsetrennet 2016 gjekk av stabelen 28. februar under fine vêrtilhøve. Dette var det 44. rennet i rekka. Det var i år også klassar for løparar under 13 år. Det er oppretta klasse for 10 år og yngre, og klasse for 11 og 12 år, både for gutar og jenter. Førstnemnde klasse går 2 km traseen, medan løparar på 11 og 12 år går i 3 km traseen. Det var om lag 300 deltakarar i trimklassen og 111 løparar i dei ulike konkurranseklassane.



Best tid i seniorklassa stod ekteparet Bodil Ryste og Andre Haugsbø frå Gaular IL for, og dei vann dermed dame og herreklassa for andre året på rad. Vinnar av Knut Grimeland "Knut" pokalen for beste 3-manns lag vart Førde IL langrenn, representert ved Brage Burø Sunde, Adrian Helgheim og Vegard S. Hegrenes.



Bilde til venstre:

Ektepar til topps: Andre Haugsbø, Gaular IL og Bodil Ryste Gaular IL vann herre- og dameklassane under Kalsetrennet 2016.

På bildet er Andre Haugsbø avbilda saman med Marte Erfjord, Hafslo IL - som vinnar under Kalsetrennet i 2013

Bilde til høgre:

Knut Grimeland er gründeren bak Kalsetrennet. Han har gått Kalsetrennet i 40 år.





Dette er ein del av traseen for Kalsetrennet – ei fantastisk ramme for et tradisjonsrikt skiarrangement.



Frå starten av Kalsetrennet 2016.

Ribberennet 2016

Årets Ribberenn måtte flyttast til Hodlekve i Sogndalsdalen grunna snømangel på Langeland. Arrangementet vart arrangert som kveldsrenn 28.12.16 under fine tilhøve. Vinnar av dame- og herreklassen var Karoline Erdal og Torstein Bu – begge frå arrangørklubben Førde IL.



Vinnarar av årets Ribberenn, Karoline Erdal og Torstein Bu – begge Førde IL.

Premiefesten

Det deltok om lag 250 personar på premiefesten som vart arrangert på Scandic Sunnfjord Hotel søndag 24. april. Det vart delt ut premiar til klubbmeistrar i alle klassar og deltakarmedaljar til dei yngre løparane. Det vart også delt ut merke og/eller statuett til dei som hadde klarte dei ulike skimerkekrava.



Trening

Det har vore arrangert trenar- og evalueringsmøte gjennom sesongen, høvesvis i april og september og oktober måned. Eivind Skaar er ansvarleg for den faglege delen av desse møta. Hovudtema for desse møta er evaluering av førre sesong og planlegging av ny sesong. Det er også ein arena for å få på plass trenarar i dei ulike treningsgruppene i forkant av ny sesong.

På innetreningane har vi hatt stor pågang av treningsvillige born og ungdommar. Vi har hatt vel 190 barn og unge på trening kvar veke.

Gruppa frå 13 år og oppover:

Fellestreningar heile året. To fellestreningar pr. veke.

Vår/ sommar / haust: Rulleski, fjellturar, sirkeltrening, jogging med vidare.

Vinter: Skitrening etter timeplan - Langeland.

Gruppe 7 – 8 år: Fellestrening frå oktober med innetrening.

Gruppe 9 – 10 år: Fellestrening frå oktober med innetrening.

Gruppe 11-12 år: Fellestrening frå oktober med innetrening og jogging ute.



Førde IL profilen Marius Vedvik har tidlegare deltatt på treningsøkter for yngre utøvarar.

Førde IL Langrenn deltek kvart år i Helse Førde Stafetten - i 2016 hadde vi to lag med i seniorklassa, desse vart høvesvis nr. 2 og 3 - bak vinnarlaget som deltok i regi av Spenst Førde.

Mange medlemmar av Førde IL langrenn deltok også i Førde Opp, andre motbakkeløp og løpsarrangement med mange gode resultat.



Steinar Mundal med eldste gruppe - på Tefre i september 2016



Profilar: Torstein Bu og Gjørn Tefre – her avbilda under KM på Langeland i januar 2016.
Foto: Stig Roger Eide, Firda.

Miljøsamlingar, hausten 2016:

Førde IL langrenn har gjennomført tre samlingar for ulike grupper av yngre utøvarar:

Miljøsamling Langeland 25.-26. september for årgang 2000-2003, 15 deltakarar.

Miljøsamling Langeland 20.-21. november for årgang 2004, 20 deltarar.

Miljøsamling Beitostølen 27.-29. november for årgang 2000-2004, 40 deltakarar - ein miks av aktive, søsken og føresette.

Fellesnemnar for samlingane har vore at foreldre har stilt opp til ulike dugnadsoppgåver og dermed bidrege til at dei ulike tiltaka har vore vellukka så vel sportsleg som sosialt. God oppslutning frå aktuelle utøvarar, og gode tilbakemeldingar tyder på at dette er noko ein bør søke å gjennomføre også for kommande år.



Gjørn Tefre har vore en god bidragsytar på ulike samlingar i klubbregi i 2016.

Landsrenn:

Førde IL Langrenn har vore godt representert på landsrenn i 2015: NM junior og senior, Statoil Norgescup, junior og senior, Hovudlandsrennet, Ungdommens Holmenkollrenn og andre landsrenn. I tillegg har vi også hatt deltakarar i Skandinavisk Cup.

Førde IL langrenn oppnådde mange gode resultat. Desse deltok i fylgjande renn:

Hovudlandsrennet 2016		klassisk	sprint	langrennscross	stafett (krins)	
Thomas Walaker	G16	222	216	167	82	
Øystein Støfring	G15	180	192	127		
Sebastian Tveit	G15	214	227	156		
Synneva Iren Kvile	J16	66	107	26		
Skandinavisk cup Østersund 8.1-10.1		15 km fri	15 km klassisk			
Torstein bu		42	25			
Roger Øye pollen		121	127			
Norgescup junior Steinkjer 8.1-10.1		klassisk	sprint	fri		
Inga Kårstad Skaar	K17	4	24	3		
Vetle Uhre Hammersvik	M17	44	139	20		
Brage Burø Sunde	M17	108	103	64		
Eirik Nordeide Berg	M17		167	179		
Andreas Bjørvik Fugle	M18	116	140	109		
Adrian Helgheim	M19/20	135	153	102		
Statoil Norgescup junior Hovden 12.2-13.2		sprint	klassisk			
Brage Burø Sunde	M17	51	36			
Vetle Uhre Hammersvik	M17	69				
Andreas Bjørvik Fugle	M18	107	103			
Adrian Helgheim	M19/20	150				
Inga Kårstad Skaar	K17	9	12			
Statoil Norgescup og U23 NM sprint på Lygna 5.-6.3		sprint senior	sprint U23	15 km fri senior	15 km fri U23	
Gjøran Tefre		8	3	3	2	
Torstein Bu		42	20	104	62	
Roger Øye Pollen		131	76	100	58	
Oddne Håvardstun Munkvold				163	102	
Ole Martin Erdal				60		
NM junior Vang 11.3-14.3		klassisk	fri	stafett (krinslag)		
Inga Kårstad Skaar	K17	13	9	10		
Brage Burø Sunde	M17	19	23	50		

Vetle Uhre Hammersvik	M17	65	24	50		
Eirik Nordeide Berg	M17	211	176	114		
Andreas Bjørvik Fugle	M18	117	137	67		
Vegard Skaflestad Hegrenes	M19/20	124	159			
Karoline Erdal	K19/20		23	10		
NM senior Tromsø 28.1-31.1		klassisk	klassisk U23	skiathlon	skiathlon U23	
Torstein Bu		26	10	37	14	
NM del 2 31.3-3-4		fri senior	NC-finale jr	30/50 km fri senior	sprintstafett senior	
Torstein Bu		271			18	
Gjøran Tefre		21		14	18	
Oddne Håvardstun Munkvold		211				
Vetle Uhre Hammersvik	M17	152	26			
Brage Burø Sunde	M17	248	37			
Inga Kårstad Skaar	K17		10			
Statoil Norgescup senior Meråker 13.2-14.2		30 km klassisk	30 km k U23	sprint	Sprint U23	
Torstein Bu		7	2	12	5	
Gjøran Tefre				6	3	
Skandinavisk cup Otepää Estland		sprint	klassisk	jaktstart		
Gjøran Tefre		13	18	18		
Torstein Bu		19	39	49		
Oslo Skishow rulleski 4.6		prolog	jaktstart			
Gjøran Tefre		1	3			
Blink skifestivalen 27.-30.8		Lysebotn opp	prolog 29.7	Fellesstart 29.7	Prolog 30.7	Sprint 30.7
Håvard Gutubø Bogetveit		9				
Ole Martin Erdal		65				
Karoline Erdal		52				
Gjøran Tefre			6	8	2	5
Sesongopning Beitostølen 18.-20.11		klassisk	fri	Sprint		
Roger Øye Pollen		84	60			
Torstein Bu		110	94	52		
Statoil NC sr Gålå 26.-27.11		Sprint	klassisk			
Torstein Bu		37	45			
Roger Øye Pollen		126	85			
Oddne Håvardstun Munkvold			191			

Junior VM-mønstring Lillehammer 9.-11.12		Sprint	fri	skiathlon		
Inga Kårstad Skaar		24	20	23		
Skandinavisk Cup Lillehammer 9.-11.12		sprint	fri	klassisk		
Torstein Bu		31	126	108		
Gjøran Tefre		55	28			
Roger Øye Pollen		139	130			
Ungdommens Holmenkollrenn 20.-21.2		klassisk	fri			
Hedda Kleiven Eikeset	J13	211	162			
Kristina Skaflestad Hegrenes	J13	173	148			
Steffen Sjøvold Igelkjøn	G13	197	212			
Oliver Bosdal Thorsen	G14	25	95			
Thristan Engebø Ullebø	G14	28	49			
Lukas Bruland Gurvin	G14	75	85			
Henriette Skaflestad Hegrenes	J14	122	131			
Ungdomsstafetten 2016		krinslag (mix)				
Synneva Iren Kvile		27				
Gyrid Øygard		27				
Storehesten Opp rulleski 2016						
Linnea Otternes Lundekvam	J11/12	1				
Johanne Støfring	J11/12	2				
Mathias Helgheim	G11/12	1				
Oliver Bosdal Thorsen	G13/14	1				
Steffen Sjøvold Igelkjøn	G13/14	4				
Synneva Iren Kvile	J15/16	1				
Thomas Walaker	G15/16	3				
Øystein Støfring	G15/16	4				
Sebastian Tveit	G15/16	8				
Simon Espe	G15/16	9				
Inga Kårstad Skaar	K Jr	1				
Vetle Uhre Hammersvik	M Jr	2				
Andreas Fugle	M Jr	6				
Adrian Helgheim	M Jr	7				
Ole Martin Erdal	M Sr	1				
Martin Hegrenes	M Sr	2				



Rulleski løp i Bygstad, 26.06.15 - første utgåve av Storehesten Opp.

Representasjon Regionlag/Privat lag/Sogn og Fjordane Skikrins:

Førde IL Langrenn har følgjande representasjon:

Regionlaget Team Veidekke Vest, satsingslag i regi av NSF:

Torstein Bu og Gjørn Tefre (fram til 30.4.2016)

Team LeasePlan:

Gjørn Tefre frå 1.5.2016



Gjørn Tefre og Torstein Bu

Tre utøvarar på Krinslaget - satsingsgruppe:

Oddne H. Munkvold, Adrian Helgheim og Vegard Skaflestad Hegrenes

Seks utøvarar på Krinslaget:

Aleksander Sunde Kvile, Brage B. Sunde, Eirik N. Berg, Synneva I. Kvile, Thomas Walaker og Ane Brekke

Fire utøvarar på Impulslaget: Sebastian Tveit, Øystein Støfring, Simon Espe og Gyrid Øygard.

Vidaregåande utdanning:

Førde IL Langrenn har to utøvarar på NTG-Geilo, Inga Kårstad Skaar og Vetle U. Hammersvik. To utøvarar går på Voss Gymnas toppidrett, Adrian Helgheim og Aleksander S. Kvile. Ved Meråker vidaregåande skule har ein tre utøvarar: Brage B. Sunde, Eirik N. Berg og Andreas B. Fugle.



Per Knut Aaland har årleg helde smørkurs i regi av samarbeidspartnar Erdal Sport.

Utdanning:

Smørjekurs: Førde IL Langrenn i samarbeid med G-Sport Erdal Sport har gjennomført smørjekurs for nybyrjarar og vidarekomne. Førde IL Langrenn ynskjer at alle skal få gode opplevingar i skisportet. Vi ser at smørjekurs er ein viktig del av rekrutteringsarbeidet.

Det har vore tre deltakarar frå klubben på NSF-trenarkurs på Sognefjellet i juni 2016: Anne Therese Kusslid, Kristin Burø og Frode Lundekvam. Det er viktig at vi klarer å rekruttere fleire til å delta som trenarar. Vi har heile tida eit stort behov for nye trenarkrefter, og med stor pågang av nye aktive i yngre årsklassar vonar vi at fleire i foreldregruppa kan vere med å bidra. Drifta er som kjent dugnadsbasert, og då er ein avhengig av at foreldre og dei som er med i miljøet bidrar aktivt.

Økonomi:

Førde IL langrenn har ein stabil økonomi. For 2016 vart det dessverre et mindre negativt årsresultat, - kr 37 802,-. I forhold til budsjett kjem dette mellom anna av at noko periodisering i forhold til endring for nye sponsoravtaler, medførte en viss underdekning for 2016. Stor aktivitet, gjennom at fleire løparar deltek på landsrenn og fleire arrangement bidrag til auka kostnader, det same er tilfellet for støtte til dei ulike representasjonslaga, og krinslagsløparane. Bakgrunn for auka kostandar er mellom anna at dei støtteordningane som er etablert for løparane har fått noko forbetra rammer over dei seinare år, og dermed også gjev større kostnader til gruppa. Samstundes er dette ei svært viktig støtte for utøvarane, og medverkande til at løparane kan oppretthalde eit ønska aktivitetsnivå. Så lenge en får arrangert dei planlagde arrangementa sikrar en samtidig mykje av innteninga for gruppa. Ski-sesongen i 2016 var kort og komprimert, slik at inntekter frå kiosksal også var noko under det som var forventa. Fortsatt auke i rekrutteringa sikrar derimot godt grunnlag for vidare drift.

Ein viser elles til rekneskapen for vidare detaljar.

Oppsummering:

Førde IL langrenn vart av langrennskomiteen i Norges Skiforbund kåra til Årets langrennslubb i Norge i 2016. Med ei slik utmerking må ein trygt kunne seie at 2016 har vore eit svært godt år for Førde IL langrenn.



Synleg bevis – frå utdeling av utmerkinga «Årets Langrennslubb 2016» til Førde IL langrenn under haustmøtet til Norges Skiforbund i Oslo i oktober månad. Arne Helgheim pva. Førde IL og Torbjørn Skogstad, langrennskomiteen, Norges Skiforbund.

Sportsleg er det **Karoline Erdal sin tittel som junior-verdsmeister** i skiskyting i Romania i februar 2016 som står fram som det store høgdepunktet. Dette er den største bragd som er utført gjennom historia til Førde IL –skipa i 1920. Vel er Karoline skiskytta, men ho deltar også i langrenn, og ho er medlem i Førde IL langrenn. Vi er såleis særst stolte av den bragda som Karoline utøvde ved å gå til topps i Junior-VM i skiskyting.



Karoline Erdal – flott representant for Førde IL



Her med gullmedalje frå Jr. VM

At løparar som Gjørn Tefre og Torstein Bu hevdar seg i tetbildet nasjonalt er motiverande og inspirerande for alle innoverte i og rundt Førde IL langrenn. I så måte er rekrutteringa til langrennssporten framleis god, og ein arbeider i samarbeid med Langeland Ski og Fritidssenter for at ein skal få realisert rulleskianlegg på Langeland, noko som er svært viktig å få til både med tanke på tryggleik for dei aktive, og for at ein skal ha nødvendig treningsområde i barmarkssesongen.

Snøproduksjonsanlegget kan stå som eit godt eksempel på den dugnadsbaserte drifta som er utgangspunkt for det aller meste av aktivitet i gruppa. Når det gjeld snøproduksjon er dette i regi av Langeland Skisenter og i samarbeid med Gaular IL.

Vi vil uttrykke stoltheit over det vi får til i Førde IL langrenn, og engasjementet rundt arbeidet som vert gjort. I tillegg til utøvarane sin framgang og prestasjonar, vil ein også nemne alle foreldre, støtteapparat, trenarar, medlemmar av styret og dugnadsfolk som legg ned mykje arbeid i samband med førebuing og arrangering av skirenn, og som fraktar utøvarar til trening og renn.

Førde IL langrenn sin aktivitet er tufta på at frivillige stiller opp, og er såleis dugnadsbasert. Det er heilt avgjerande at vi klarar og halde på dette. Den store aktiviteten krev eit stadig større apparat, både i forhold til trening, renn og generell drift. Karusellrenn krev ein dugnadstab på vel 30 personar, SSF Cup/krinsrenn krev om lag 40 personar per arrangement. Når ein i løpet av 2016 har arrangert 11 slike arrangement er behovet nærmare 400 personar /funksjonar for å utføre dei ulike arbeidsoppgåvene som framgår av mannskapsliste – der oppgåvene er beskrive via gjeremålsliste. I tillegg kjem planlegging, førebuing og administrative oppgåver knytt til arrangementa. Ein vonar såleis at langrennsmiljøet, og då spesielt dei føresette til aktive born **ser behovet for at ein må yte dugnadsinnsats** for at drift i forhold til trening, samlingar og arrangement skal la seg gjennomføre på best mogleg vis. Dette kjem dei aktive til gode, og er såleis avgjerande for at ein fortsatt skal kunne tilby gode rammevilkår, og gjennom det sikre fortsatt god rekruttering for langrennssporten i Førde.

Vidare ei stor takk til våre **samarbeidspartnarar og sponsonar** som i stor grad gjer det mogleg for Førde IL langrenn å kunne gje det tilbodet som vi gjer til våre aktive. Nyttar også høve til å takke styret i **Langeland ski- og fritidssenter** for godt samarbeid og felles innsats til det beste for langrennssporten.



Langeland Skisenter er base for all skiaktivitet i regi av Førde IL langrenn – her i fugleperspektiv.

Førde, 28.02.2017

Arne Helgheim
Førde IL langrenn
-styreleiar-

Hovudsponsor:



sparebanken
sogn og fjordane

Samarbeidspartner–utstyrsleverandør:

Erdal Sport

Elvegården, Tlf. 57 72 29 30



sport er alt

SPORT



Kontorsenteret
Canon FACIT

arnes dame herre
frisørhjørne



Scandic
SUNNFJORD HOTEL & SPA



Kontorsenteret
Canon FACIT



Våpenloftet a/s
BØRSEMAKARVERKSTAD
(2. ET. ERDAL SPORT)
ELVEGÅRDEN, 6800 FØRDE
TLF. 57 72 29 40

